

KOMMISJONSVEDTAK**av 16. juli 1996****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir(*)****(96/467/EF)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLES-
SKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 -

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Produktgruppa «kopieringspapir» (heretter kalla «produktgruppa») vert definert på følgjande måte:

«Paparark i ulike format som er laga av upåstrokke fint papir framstilt av nye og/eller attvunne fibrar, og som vert nytta til kopiering og kan nyttast i telefaksapparat og edb- skrivarar.»

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er oppførde i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i tre år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «011».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 16. juli 1996.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 192 av 2.8.1996, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 82/96 av 13. desember 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 99 av 11.4.1992, s. 1.

VEDLEGG

MÅLSETJING

For at kopieringspapir skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget, som har som mål å

- redusere utsepp av visse giftige eller på andre måtar ureinande stoff i vatn,
- redusere miljøskadar eller -risiko som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved å minske energiforbruket,
- fremje skyldnaden til å innsjå at det er naudsynt å nytte gode forvaltingsprinsipp for å verne skogane.

Attvinning av papir vert fremja indirekte ved at kriteria har ulik innverknad på produksjonen av høvesvis nytt og attvunne papir.

Når dei ansvarlege organa vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta, skal dei ta omsyn til om det vert nytta ein god miljøforvaltingspraksis innanfor ramma av godkjende ordningar⁽¹⁾.

KRITERIUM

1. Reduksjon av vassureining

- Det kjemiske oksygenforbruket (KOF) i utsepp frå produksjonen av papirmasse og av papirmasse og papir skal ikkje overstige 30 kg per lufttørka tonn.
- Innhaldet av adsorberbare organiske halogen (AOX) i utsepp frå produksjonen av papirmasse og av papirmasse og papir skal ikkje overstige 0,30 kg per lufttørka tonn.

Det skal gjevast opplysningar om vassforbruket per lufttørka tonn papirmasse og papir på dei ulike stadia av produksjonsprosessen.

2. Reduksjon av svovelutsepp

Utsleppa i lufta av svovel frå produksjonen av papirmasse og av papirmasse og papir skal ikkje overstige 1,5 kg svovel per lufttørka tonn.

3. Energiøkonomisering

- Det totale energiforbruket for heile produksjonsprosessen for papirmasse og papir skal ikkje overstige 30 gigajoule per lufttørka tonn papirmasse og papir.
- Mengda av innkjøpt energi skal ikkje overstige 18 gigajoule per lufttørka tonn papirmasse og papir.

4. Skyldnad til å verne skogane

Det skal leggjast fram ei fråsegn, ei avtale eller reglar som skal gjelde for operatørar med ansvar for å forvalte skogane der fibrane kjem frå, og som skal sikre gjennomføringa av prinsipp og tiltak med sikte på å tryggje ei berekraftig forvaltning av skogane⁽²⁾.

I Europa skal dei førnemnde prinsippa og tiltaka svare til dei som vart fastsette under ministerkonferansen i Helsinki om vern av skogane i Europa (Helsinki, juni 1993).

⁽¹⁾ Fællesskapsordninga for miljøforvaltning og miljørevisjon (EMAS), ISO 14001 eller tilsvarande europeiske eller nasjonale standardar.

⁽²⁾ Krevst ikkje for 100 % attvunne papir eller for produkt framstilte av fibrar som ikkje er frå tre.

OPPLYSNINGAR TIL FORBRUKARANE

Primær- og sekundæremballasjen til produktet skal vere påført følgjande opplysningar:

- «Produkt som stettar miljøkriteria i fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke»,
- «Medverkar til reduksjon av vassureining, global oppvarming og forsuring og til energiøkonomisering og vern av skogane».

Teknisk tillegg

Definisjonar og krav til prøving

Berekraftig skogsforvaltning

Føretak som søkjer om tildeling av miljømerket, skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at dei prinsippa som vart fastsette under ministerkonferansen i Helsinki⁽¹⁾, er nytta for dei aktuelle skogane. Ikkje-europeiske produsentar kan leggje fram eit tilsvarende dokument som viser til andre internasjonale eller nasjonale avtaler eller program som gjeld berekraftig skogsforvaltning, t.d. Agenda 21 frå Rio.

For papirproduksjon der ein del av eller all papirmassen kjem frå ikkje-integrerte kjelder, skal søkjarane leggje fram ei fråsegn frå kvar av dei aktuelle leverandørane av papirmasse.

Utslepp av svovel

Søkjaren skal leggje fram ei oversikt over utsleppa av svovel i lufta. Oversikta skal omfatte alle utslepp av svovel som finn stad under produksjonen av papirmasse og papir. Målingane skal femne om attvinningskjelar, kalkomnar, dampkjelar og destruksjonsomnar for gassar med sterk lukt, dersom slike finst. Det skal gjerast greie for diffuse utslepp.

Det treng ikkje gjerast greie for utslepp frå produksjon av elektrisitet på anlegget.

Energiforbruk

Søkjaren skal rekne ut kor mykje energi som vert nytta til produksjonen av papirmasse og papir, medrekna den energien som vert attvunnen under handsaminga, t.d. ved forbrenning av avlut og avfall, og den energien som vert nytta ved fjerning av trykksverte frå papiravfall med sikte på produksjon av attvunne papir.

Definisjonar

«Total energi» omfattar innkjøpt energi og alle andre former for energitilførsel, t.d. frå avfall, treavfall, sagflis, avlut, papiravfall og vrakpapir.

«Innkjøpt energi» tyder nettotilførsel av energi utanfrå, t.d. gass, olje, kol og elektrisk kraft frå nettet.

Kjemisk oksygenforbruk (KOF)

Målingane kan gjerast anten etter handsaming på anlegget eller etter handsaming ved eit offentleg reinseanlegg.

KOF skal målast på prøver som ikkje er filtrerte og ikkje dannar botnfall, i samsvar med ISO-standard 6060 eller tilsvarende standardar, og målingane skal utførast av uavhengige prøvingsinstitutt eller godkjende laboratorium. Målingane må vere representative for den aktuelle perioden. Målingane må vere utførde i dei tolv siste månadene før søknadsdatoen.

⁽¹⁾ «Alminnelige retningslinjer for bærekraftig skogbruk i Europa», resolusjon H1, som vart vedteken under ministerkonferansen om vern av skogane i Europa, Helsinki i juni 1993.

Adsorberbare organiske halogen (AOX)

Målingane kan gjerast anten etter handsaming på anlegget eller etter handsaming ved eit offentleg reinseanlegg.

AOX skal målast på prøver som ikkje er filtrerte og ikkje dannar botnfall, i samsvar med ISO-standard 9562 eller tilsvarande standardar, og målingane skal utførast av uavhengige prøvingsinstitutt eller godkjende laboratorium. Målingane må vere representative for den aktuelle perioden. Målingane må vere utførde i dei tolv siste månadene før søknadsdatoen.